

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 4.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Örskog.

Emne: Baking.

Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard: Gjære

(adresse):

G.nr. 24 Br.nr. 1 (?)

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. nei

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Sigrun Gjære, (f. Kleppe 4/1 1916, g.m. Einar Gjære, son av Sevrin Gjære, f. 25/9 1884.

SVAR

"Det stod ein svær gammal alm her på Gjære. Han skygde for hagen så me ikkje fekk frukt. Einar ville hogga han. Då vart bestefar (S.G.) svært lei. "Dei gamle tenkte på maten, dei," sa han; "dei hogg ikkje ned almane sine". Våren 1955 skulle det strekkjast ei elektrisk line like forbi almen og ein stolpe vart ståande like oppi den. Det nytta Einar som påskot til å hogga almen. Stommen skulle nyttast til båtbygging. Dei kom med ein svær kranbil og streva og bala, men fekk han ikkje opp på lasteplanet. "Der kan de sjå !" sa bestefar.